# Referat styremøte

Gruppe: **Frivillig Rogaland**
Møtestad: **Teams**
Møtedato/ -tid: **Torsdag 26.11.20 kl. 10.00-12.05**
Møteleiar: Andrine Kallåk Homme. Referent: Åsmund Sigmundstad
Deltakarar: Heidi Reiersen, Nina Løvø, Andrine Kallåk Homme, Linn Skjold Økland, Einar Sanstøl, Guri Tysse, Eli Wallentinsen Haaland, Åsmund Sigmundstad
Forfall: Linda Thorsvik
Kopi til:

---

**Sak nr.:**

| | |
|---|---|
| 53/20 | Godkjenning av innkalling og saksliste. Vedtak: Godkjent. |
| 54/20 | Godkjenning av referat frå styremøte 10. september. Vedtak: Godkjent. |
| 55/20 | **Handlingsplanen og årshjul 2020** Her finn du gjeldane handlingsplan.<br>Lyttevenkonferanse 21.9: 100 deltakarar. Veldig bra konferanse. Godt gjennomført.<br>Digital inspirasjonssamling for frivillige 7.12.: Styret anbefaler at samlinga vert arrangert som planlagt. |
| 56/20 | Økonomi. Nina orienterte.<br>**Vedtak:** Overskot på ca 8000 kr frå lyttevenkonferansen vert overført til bruk for komiteen til gjennomføring av lyttevenkonferansen i 2021. |
| 57/20 | **Stoda «der ute» ei kort orientering/rapport frå nettverksleiarane Heidi, Nina og Åsmund:**<br>Nokre aktivitetar er sett på pause og ein god del aktivitetar vert gjennomført. Ei krevande tid.<br>Ny dagleg leiar er tilsett i Tasta frivilligsentral.<br>Hå kommune er nominert til årets frivillighetskommune i Norge. Gratulerer! |
| 58/20 | Folkehelsemidlar 2020<br>-Innsendte rapportar: Klepp, Hjelmeland, Eigersund, Madla Kvernevik, Strand, Sokndal, Hå, Time. Tilskot til desse er utbetalt.<br>-Gjesdal, Klepp og Sør Karmøy søkjer om utsetjing av rapportering til 2021.<br>**Vedtak:** Gjesdal, Klepp og Sør Karmøy får utsetjing til 2021. Fordeling av restmidlar på kr 8000 vert utsett til årsmøte. Styret legg fram forslag for årsmøte at restmidlane + kr 2000 frå eigne midlar går til dei frivilligsentralane som har kasserar og sekretærfunksjon i Frivillig Rogaland. |
| 59/20 | **Temasamling om lokale retningslinjer for frivilligsentralane**<br>-Åsmund orienterte frå møte med KS.<br>**Vedtak:** Frivillig Rogaland arrangerer ei digital temasamling i 2021 om lokale retningslinjer for frivilligsentralane i samarbeid med KS Rogaland. Andrine, Linn og Åsmund får i oppgåve å spør innleiarar til temasamlinga. Forslag til innleiarar: Håkon Lorentzen, Atle Melangen, ein representant frå Klepp kommune, viktig å ha innleiarar både frå kommunale og organisasjonseigde frivilligsentralar. |

| | |
|---|---|
| 60/20 | Nettsida til Frivillig Rogaland. Styret evaluerer nettsida og vurderer om kommunikasjon mellom frivilligsentralane i Rogaland ytterlegare kan betrast gjennom bruk av nettløysinga Invi.<br>**Vedtak:** Nettverksleiarane får i oppgåve å følgje opp denne saka. |
| 61/20 | Årsmøte og fagseminar 25.2.2021<br>**Vedtak:** Program for årsmøtet og fagseminaret:<br>-Rådgjevar Rune Slettebak, fylkeskommunen om oversiktarbeidet – helsetilstanden- slik at frivilligssentralane får auka kunnskap om kunnskapsgrunnlaget, spesielt retta mot barn og unge, familiar med låginntekt, utanforskap og eldre. 20-30 min. Åsmund spør han.<br>-Presentasjon av gjennomførte folkehelseprosjekt, 8 sentralar: 5-10 min kvar.<br>-Leve hele livet reforma og frivilligsentralar v/Kontaktperson i Rogaland. 5 min. Åsmund spør.<br>-Frivillighetensår 2022 v/kontaktperson i Rogaland. 5 min. Åsmund spør.<br>-Korte musikkinnslag: Guri spør frivillig frå Stavanger.<br>-Åsmund seier i frå til valkomiteen at dei må starte sitt arbeid slik at dei kan leggje fram eit forslag i god tid før årsmøtet.<br>-Presentasjon av årsmelding v/Åsmund<br>-Presentasjon av rekneskap og budsjett v/Nina<br>-Dersom smittevernhensyn gjer at me ikkje kan ha ei fysisk samling vert årsmøtet og fagseminaret halde digitalt på nett. Denne avgjerda vert gjort i januar.<br>-Det må klargjerast med Rennesøy om kor mange deltakarar dei har plass til. |
| 62/20 | **Handlingsplan for 2021**<br>-Nina og Åsmund la fram eit forslag til handlingsplan.<br>**Vedtak**: Handlingsplanen vert slik som framlagt for styret. Handlingsplanen vert grunnlag for søknad om partnerskapsmidlar for 2021 frå fylkeskommunen.<br>Andrine, Nina og Åsmund får i oppgåve å sende rapport og søknad til Rogaland fylkeskommune. |
| 63/20 | Neste styremøte<br>**Vedtak:** 7. januar kl 10.00-13.00 på Sola rådhus. Heidi bestiller mat. |

**Referent: Åsmund Sigmundstad**